



Sandsiloen skal fraktast til Eldøyane på Stord.

Børneskaien skal ryddast med det fyrste. Dette melder Jarle Fossheim på Tekniske tenester, Kvinnherad kommune. Oppryddinga gjeld særleg å få bort gamal sandsilo og mange kubikk med hunved.

Tauverk frå skjeldyrkingsanlegget på Skorpo ligg framleis på Børneskaien Dette har vore påpeika mange gonger før utan at eigar har gjort noko. Sandsiloen skal fraktast med båt til Eldøyane på Stord. Hunveden er organisk avfall og kan nyttast i fylling. Med stor cruise- og båttrafikk gjennom Storsund, er det skjemmande å syna fram Uskedalen på denne måten.. Villfyllingar og skrotdeponi på kaiar, i strandsona og langs vassdrag har ein klar avvisingseffekt på tilreisande til Kvinnherad. Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal